

# Prosjektrapport Biblioteket i sentrum

Prosjektstart: juni 2019 – avslutta: juni 2021.

## Bakgrunn

Prosjektet *Biblioteket i sentrum* vart sett i gang då kommunen ynskja å sjå på ei ny plassering av Lærdal folkebibliotek i sentrum. Prosjektet var forankra i *Kulturplan for Lærdal kommune 2016-2020*.

Målet for prosjektet var todelt. Det eine målet var å undersøke kva behov og mogelegheiter kommunen har når dei skal flytte biblioteket. Det andre var å utvikle biblioteket sine tenester for å etterkomme dei behova kommunen har. Her skulle me også undersøke mogeleg samlokalisering med andre kommunale tenester.

Lærdal folkebibliotek sökte Nasjonalbiblioteket om prosjektmidlar i 2019 og fekk tildelt kr. 250.000,- til eittårig prosjekt. Gjennomføring av prosjektet vart noko utsatt i 2020, og vart difor fyrst ferdigstilt våren 2021.

## Organisering

Prosjektet starta opp i juni 2019 der prosjektmandat og framdriftsplan vart lagt fram for formannskapet.

Prosjektgruppa vart sett ned med utgangspunkt i samarbeid med andre kommunale einingar<sup>1</sup> og bestod av biblioteksjef, bibliotekkonsulent, pedagogisk rådgjevar og representant frå tenestetorget.

Prosjekeigar var rådmann og styringsgruppe var formannskapet.

Det vart det henta inn ekstern kompetanse i dei ulike fasane av prosjektet. For å sjå korleis me kunne vurdere plassering av biblioteket i samband med utvikling av sentrum, fekk me god hjelp av planavdelinga ved Vestland fylkeskommune, ved Mona Steinsland. Steinsland er arkitekt og har arbeida mykje med tettstadutvikling. I arbeidet med å fornye biblioteklokalet og korleis me kunne løye behov med nye soner og funksjonar, samt gjenbruk av møblar og anna inventar leigde me inn arkitekt Gørar Johansen og interiørarkitekt Hanne Nygård-Bøe. Begge har lokal tilknyting og har arbeida mykje med gjenbruk og berekraft. Dei fekk oss til å sjå biblioteket med nye auger, noko som gjorde oss meir bevisste på dei kvalitetane biblioteklokalet hadde og kva mogelegheitar som låg her.

## Gjennomføring

Prosjektet har vore omfattande og har bidratt til store endringar av Lærdal folkebibliotek, både for tilsette og for brukarane. Prosjektet hadde tre hovudområder: kartlegging, utvikling og testing. I utgangspunktet skulle prosjektet både finne nytt lokale til biblioteket og utvikle tenestene og tilbodet. Underveis i prosjektet vart det lagt fram framlegg om ny lokalisering til kommunestyret. Dette vart utsatt to gonger og er etter avslutta prosjekt framleis ikkje landa. Prosjektet endra fokus i november 2020 etter at lokalisering vart utsatt for andre gong. Her valte prosjektgruppa å satse meir på utvikling av

---

<sup>1</sup> Prosjektgruppa stod til hausten 2020. Då vedtak på ny plassering vart utsatt vart prosjektet endra til å sjå meir på det eksisterande lokalet. Prosjektgruppa vart då beståande av biblioteksjef og tilsette på biblioteket.

tenester og styrke biblioteket som møtestad gjennom å ta i bruk metodar for samskaping for å få til meir samarbeid med andre.

## Kartlegging

### Studietur

Eit av tiltaka var å hente erfaringar frå andre bibliotek som var samlokaliserte med andre kommunale tenester eller som nyleg hadde vore gjennom ei oppgradering av lokala. Det vart gjennomført ein studietur i oktober 2019 til eit utval bibliotek i Oppland og Hedmark. Våren 2020 vart det bestemt at eit nytt lokale skulle vurderast som ny plassering, Lærdal kulturhus. Dette gjorde at me også gjennomførte ein studietur til Årdal bibliotek og til Ål bibliotek som er kommunar me ynskjer å samanlikne oss med og som har relativt nye bibliotek. Dei er begge lokaliserte i bygg med mykje besök, noko som kunne gi oss eit godt samanlikningsgrunnlag til arbeidet vårt.

### Medverknad

Prosjektet skulle undersøke kva behov innbyggjarane har og auke kompetansen til dei tilsette for å imøtekome desse behova. Tilsette ved biblioteket har delteke på fleire digitale og fysiske kurs både når det gjeld bruk av digitale verktøy, litteraturkompetanse og formidlingskompetanse. Prosjektleiar deltok i kurs i design thinking ved Biblioteksentralen hausten 2019 og tok kursrekka for Samskaping som metode som vart gjennomført av Innlandet og Rogaland fylkeskommune våren 2021. Metodikken er vidareformidla til dei andre tilsette ved biblioteket og resten av eining for kultur våren 2021 der alle deltakarar vart utfordra i å utvikle eigne samskapingsprosjekt.

Ulik brukargrupper vart involvert gjennom workshops og intervju for å avdekke behov. Dette vart gjort som ein del av kartlegginga tidleg i prosjektet. Det vart arrangert ein open idéudnад der deltakarane vart utfordra i å komme med ynskjer, behov og prioritere desse. Deretter vart det same gjennomført med 10. klasse der dei fekk diskutere korleis biblioteket kan fungere som ein møtestad og korleis biblioteket vere berekraftig. I tillegg har det blitt gjennomført fleire møter med lag og organisasjonar som har kome med innspel om kva dei treng for å kunne nytte biblioteket meir som ein møtestad, og kva aktivitet dei ser føre seg å bidra med der. Alle innspela har blitt brukt som grunnlag for å vurdere kva funksjonar og behov biblioteket skal legge til rette for. Innspela og resultata som kom fram av desse vart til definerte funksjonar i biblioteklokalet.

Vestland fylkeskommune bidrog spesielt til å sjå på rådhuset og korleis dette lokalet kunne bidra til å løfte sentrum. Her vart det utarbeida ein eigen plan for korleis rådhuset kan binde nye sentrum og gamle sentrum meir saman og korleis ein kan opne opp bygget til å verte ein meir inkluderande møtestad både innandørs og utandørs.

### Mål og visjon

I prosjektet skulle me utarbeide ein overordna visjon og målbare mål med bibliotekarbeidet. Visjonen vart utarbeida av prosjektgruppa og skal spegle det me ynskjer biblioteket skal representera: **Biblioteket – ein naturleg møtestad for samspel og kunnskap**

I prosjektet har det blitt utarbeida ein kortfatta handlingsplan for dei kommande fem åra, men noko plan av større omfang må sjåast i samband med revidering eller utarbeiding av ny kulturplan i kommunen.

## Utvikling

Etter kvart som behova vart avdekka i prosjektet og nye samarbeid kom på plass har me nytta ein del av prosjektet til å teste ut ulike tilbod, aktivitetar og samarbeid. Biblioteket har fått utstyr til å kunne låne ut og opprette små mikrobibliotek, og utstyr for å kunne teste ut bibliotekarrangement og aktivitetar på ulike arena og i ulike bygg. Dette har gjort biblioteket meir fleksibelt og fleire har fått tilgang til biblioteket sine tenester.

## Samarbeidspartar

I prosjektperioden har me fått fleire nære samarbeidspartar. Både gjennom arrangement og mindre prosjekt. I løpet av prosjektperioden er det etablert fleire samarbeid med frivillige lag som framover skal ha aktivitet i bibliotekslokalet. Dette vil styrke biblioteket som møtestad og gjere biblioteket meir tilgjengeleg for fleire.

Av aktivitetane kan det nemnast språkkafé og integreringsarbeid saman med Lærdal røde kors, opplæring i digitale verktøy med Seniornett Lærdal, fikselaug ved Lærdal husflidslag og samarbeid om lokalhistorisk arkiv med Lærdal historielag.

I tillegg har biblioteket etablert samarbeid med andre kommunale tenesteområder som kino og frivilligsentral når det gjeld arrangement, oppfølgjing av Lesekiosk og marknadsføring. Det er også utarbeida ein eigen samarbeidsavtale med Lærdalsøyri skule om bruk av biblioteket sitt tenestetilbod.

## Kompetanseheving

Gjennom prosjektperioden har dei tilsette fått høve til å delta på samlingar og kurs, både fysisk og digitalt. Me avdekka kva kompetanse som var naudsynt i høve dei nye tenestene og kva biblioteket manglar av ressursar og opplæring. Arbeidet med sjølve prosjektet har også bidratt til å styrke kompetansen til dei tilsette når det gjeld å tenke brukarretta tenester, utprøving av nye tenester og arbeid med formidling og marknadsføring.

## Testing

### Arrangement

Prosjektet har gitt oss mogelegheit til å teste ut ulike typar arrangement og samarbeid. Det har vore kurs i både bruk av symaskin og beskjæring av tre og busker. Digitale teaterframstykkingar i samarbeid med Lærdal kino. Opplæring i digitale verktøy med Seniornett, og popp-opp-bibliotek for å synleggjere biblioteket der folk er. Dette har gjort til at biblioteket har blitt meir synleg og når ut til fleire.

## Prototype lokale

Siste del av prosjektet gjekk med til å teste ut funksjonane i det eksisterande lokalet ved å gjere lokalet om til ein prototype for nytt bibliotek. Prosjektet har brukt ulike konsulentar for å utvikle det fysiske biblioteket og skape rom som dekker dei behova som kom fram i prosessen. Prosjektgruppa definerte funksjonar og soner som interiørarkitektar la til rette for i dei ulike alternative lokala. Då me utvikla prototypen henta me inn ein arkitekt og ein interiørarkitekt som såg på dei mogelegheitane rommet hadde og korleis me kunne gjenbruke dei møblane me hadde til dei behova som var definert.

Me gjorde små endringar som endra lokalet og som gav oss tydelegare soner, fleire bruksområder og som gjorde at lokalet vart meir tilpassa fleire ulike brukargrupper. Lokalet fekk fleire sittegrupper som kan nyttast til møter og det vart etablert eit grupperom som både kan nyttast som verkstad, kurslokale eller møterom.

## Vidare arbeid

Biblioteket skal etter planen få ei ny plassering i 2022 og det er venta å gjere vedtak på dette i løpet av 2021. Prosjektet som er gjennomført har gitt oss mange erfaringar og me har kome langt i å planlegge eit nytt bibliotek. Prosjektet har gitt oss to satsingsområder som me vil arbeide vidare med, berekraft og møtestad.

## Bibliotek og berekraft

Berekraft som satsingsområde har heile vegen vore med i prosjektet. Me har hatt med oss FNs berekraftsmål og sett korleis biblioteket kan arbeida for å nå desse måla, og korleis me kan få med oss lokalsamfunnet på dette arbeidet.

Lærdal kommune har visjonen Grøne Lærdal og i 2020 starta arbeidet med kommunen sin nye klima, energi- og miljøplan. Her kom biblioteket tidleg inn og ville vise korleis me kunne sette eksempel på å tenke klima og miljø kring utvikling av nye tenester. Mellom anna valde me biblioteket sin fargepalett, både i lokalet og på digitale flater, utifrå visjonen for å synleggjere samanhengen. Samtidig byrja me å sjå nærmare på metodar kring samskaping og korleis det å trekke inn andre til å bidra til aktivitet og tilbod kunne gjøre bibliotekstilbodet meir berekraftig.

I prosjektet har me heile tida vore bevisst på at me skulle bruke eit eksisterande lokale og me har ynskja at biblioteket skulle vere eit føregangseksempel på korleis me kunne nytte oss av gjenbruk i kommunen. Me sette også fokus på miljø og berekraft gjennom arrangement, kurs og nye tilbod i lokala.

Både i prosjektet og i det vidare arbeidet har me som mål å:

- Tenke berekraft når det kjem til drift, som å arbeida samskapande, trekke inn lokalsamfunnet/frivillige til å drifte aktivitetar i biblioteklokalet.
- Tenke berekraft om lokalet og inventar – slik at me spara miljøet når me planlegger eit nytt bibliotek.
- Skape ein god møtestad som kan fylgje opp fleire berekraftsmål, som til dømes god helse, god utdanning, mindre ulikskap, berekraftige byar og lokalsamfunn, innovasjon.
- Vere eit miljøfyrtårn saman med resten av kommunen.

- Få ned plastforbruket mellom anna ved å ikkje laminere plakatar eller plaste bøker. Fase ut plastposar til fordel for bærenett. Kutte ut eingongsbestikk/koppar under arrangement.
- Verkstadar og aktivitetar for å få kunnskap som kan bidra til å få ned forbruket som sykurs og fikselaug.
- Kurs og andre tilbod for å bidra til livslang læring som samarbeid med andre som opplæring i digitale verktøy.

## Biblioteket som sosial arena

Prosjektet har undersøkt kva funksjonar biblioteket skal ha for å vere ein god møtestad i lokalsamfunnet. Undervegs har me vurdert og undersøkt både uterom og innerom og sett på korleis biblioteket kan vere ein sentral aktør i sentrum.

Gjennom utprøving av ulike arrangement og samarbeid har me sett korleis me betre kan legge til rette for dette framover. I utviklinga av nytt lokale har me sett på korleis me kan få soner som kan skilje ulike bruksområder og målgrupper. Etter ynskje frå brukarane har me fått funksjonar som fleire møterom og ein verkstadarena, samt fleire mjuke sittestadar. Barneavdelinga har fått ein større sofa og betre plass til leik og fordjupning. Ungdomskroken har fått betre skjerming og kan slik vere ein krok ein kan trekke seg tilbake i, enten åleine eller saman med andre.

Det oppgraderte lokalet vil gi oss mogelegheiter til å teste ut dei ulike funksjonane og korleis plasseringa av desse kjem til å fungere. På denne måten er me betre rusta når nytt lokale er bestemt og me skal starte med å innrei det. Arbeidet med uterom har me ikkje fått sett så mykje på som me håpa, då dette avhenger av ein konkret plassering.

## Evaluering

Prosjektet *Biblioteket i sentrum* har gitt biblioteket i kommunen eit løft. Me ser allereie at både besøkstal og utlånstal har auka. Me fekk gjort det meste av det me sette oss som mål i prosjektsøknaden. Det me ikkje fekk sett særleg på er samlokalisering med andre kommunale eingingar. Dette fordi me ikkje fekk landa nytt lokale og dermed ikkje visste kven som var aktuelle. Me byrja så vidt å sjå på samarbeid med tenestetorg, frivilligsentral og kino, men fekk ikkje gått i djupda på desse. Me endra fokus i prosjektet slik at me heller prioriterte å få til eit samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Dette har i stor grad lukkast, og me ser fram til å sjå nærmare på samlokalisering med andre kommunale einingar når ny plassering er bestemt.

Ein del av prosjekttiltaka vart ramma av pandemien og dei restriksjonane som fulgte med. Dette gjorde at me fekk utfordringar med brukarmedverknad og arrangement ein periode. Me nutta dei periodane det var mindre smitterisiko til å gjennomføre møter og samlingar. Fleire av aktivitetane me planla måtte avlysast og/eller utsettast. Det er mykje som er planlagt av aktivitetar og samarbeid framover og me håpar at me kan starte gjennomføringa av desse utan ytterlegare utsettingar hausten 2021.

Endringar tek ofte lengre tid enn venta, og når me skulle endre heile tanken om kva eit bibliotek er for innbyggjarane i kommunen, er me glad for at me har brukt den tida me brukte. Me har styrka samarbeidet med andre og har gjort fysiske endringar i biblioteklokalet, noko som har blitt eit synleg resultat av prosjektet ovanfor brukarane våre. Ein av dei tinga me tek med oss frå prosjektet er raske overgangar frå idé til handling. Me fekk fleire gonger erfart at det er positivt når innspel vert raskt tatt inn, slik at endringane vert synlege kort tid etter. Dette er tillitsvekkande og gjer brukarane meir involvert i biblioteket enten det er medieinnkjøp, ny sofa, nytt møtebord eller forslag til arrangement. Det vekker eit større engasjement kring biblioteket.

Prosjektarbeidet og mediedekninga me har fått har gjort at biblioteket i større grad enn tidlegare vert involvert i kommunen sitt planarbeid. Biblioteket sine tenester vert meir enn før tatt med inn i plantiltak på fleire ulike felt, og vert slik meir synleg ovanfor både politikarar og innbyggjarar. Me merkar at ideen om kva eit bibliotek er har endra seg, og at fleire ser korleis biblioteket kan bidra meir inn i lokalsamfunnet gjennom etablering av møtestadar, arrangementsarena, kursverksemd, formidling og samarbeid. No står det berre att å flytte biblioteket til sentrum slik at me kan utvikle ein arena som kan bidra til dette i enno større grad.